



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hilde Rasmussen Nilsen, 5557 2371

Vår dato  
06.02.2017  
Dykkar dato  
28.10.2016

Vår referanse  
2016/13984 421.4  
Dykkar referanse  
14/2989 – 16/29457

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Lindås - reguleringsplan Fv 404 parsell Kvamme til kryss med veg til Fossevatnet

Vi viser til ekspedisjon frå Lindås kommune, mottatt her 31.10.2016.

#### Vedtak

**Fylkesmannen stadfester kommunestyret i Lindås kommune sitt vedtak av 16.06.2016, sak 037/16, godkjenning av reguleringsplan for Fv 404 - Kvamme til kryss ved veg til Fossevatnet, planID 1263-201112.**

#### Bakgrunn

Lindås kommunestyre godkjente reguleringsplan for Fv 404 parsell Kvamme til kryss ved veg til Fossevatnet i møte den 16.06.2016.

Det kom inn 3 klager på kommunestyret sitt vedtak.

Trees og Inge Morild, eigarar av gnr 141 bnr 15, klagar over at løysinga i det første planforslaget med avkjørsle/parkering for deira eigedom vart fjerna frå forslaget til siste gangs handsaming. Klagar har i dag tilkomst til fritidseigedommen sin via ei trapp og parkerer i vegkanten til Fv 404. Morild opplever det som urettferdig at moglegheita til å parkere i vegkanten slik dei har gjort i nesten 30 år vert teke frå dei. Klagar viser til at dei må gje frå seg mykje areal av eigen tomt til vegprosjektet. Klagar meiner vidare at dersom ein tek omtrent same areal frå deira eigedom og gnr 141 bnr 41, vil ein kunne behalda den opphavlege løysinga. Fordelen for klagarane ville vere langt større enn ulempene for eigar av gnr 141 bnr 41.

Sigfred Johansen, eigar av gnr 144 bnr 17, viser til at det ikkje er halde synfaring slik dei ønskja i merknad datert den 23.03.2016. Johansen viser vidare til at planvedtaket vil få store konsekvensar for tilkomst til og utnytting av deira eigedommar. Johansen skriv i merknad datert 23.03.2016 at: «*Foreslått avkjørsle i lag med Kvamsvåg Landhandel vil gi ein stor kostnad og ta ein stor del av bustadtomtene som er planlagt på området då det må opparbeidast høg mur i heile tomtens lengde mot vegen. Plan tar også bort mulig framtidig vegløyning til dei 2 hyttene som i dag har ein vegrett til hovudveg. Egen avkjørsle i nord på 144/17, 19 vil kunne oppfylle alle krav til avkjørsle. Foreslår at vegutløyning for 144/17 blir vurdert på nytt i lag med avkjørsle for Skarsvegen 29.*» Klagar meiner vidare at regulert veg

med 2 felt vert altfor dyr og at dette ikkje er realistisk å gjennomføre. Kvamsbrekka kan med beskjedne midlar gjerast mykje betre dersom ein lempar på krava om 2-felts veg med fortau.

Arnljot Jordal og Gro Hjellevik Jordal, eigarar av gnr 141 bnr 17, viser til tidlegare innsendte merknader til planframlegget. Dei har ikkje fått medhald i å behalde tilkomst frå Fv 404, noko dei meiner vil redusere bruksmoglegheitene på øvre del av eigedommen deira. Dei ber Lindås kommune ta opp med Hordaland fylkeskommune om vegbreidda kan vurderast på ny etter dei nye signala frå HFK om å dispensera frå vegnormalkrava. Dei og mange av eigarane i Kvamslia ønskjer ein smalare veg med bakgrunn i dei store inngrepa vegutbygginga medfører i hagar og terreng på begge sider av vegen.

Plan- og miljøutvalet handsama klagesaka i møte den 06.10.2016, sak 119/16. Klagene vart ikkje tekne til følgje, og saka vart deretter sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Når det gjeld saka i sin heilskap, viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl) § 33 femte ledd.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Det følgjer av rundskriva T-8/86 og T-2/09 frå dåverande Miljøverndepartementet at Fylkesmannen som klageinstans kan prøve alle sider av vedtaket som er påklaga. Det følgjer likevel av fvl § 34 andre ledd at Fylkesmannen som klageinstans skal ta omsyn til det kommunale sjølvstyret ved prøvinga av det frie skjøn.

Ved utarbeiding av ein reguleringsplan vil motstridande omsyn ofte gjera seg gjeldande. Vurderinga av kva eit område skal nyttast til, er i utgangspunktet underlagt planmyndigheitene sitt frie skjøn. Spørsmålet er då om dei vurderingane som ligg til grunn for reguleringsføremaal og reguleringsføresegner har vore tilstrekkeleg grundige og byggjer på lovlege reguleringsmessige omsyn.

Lindås kommune starta opp arbeidet med reguleringsplanen i 2011 og planarbeidet har bakgrunn i at fylkesveg 404 i dag har dårleg standard og ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar. I planomtalen går det fram at det med dagens trafikkmengde, planlagt utbygging og manglande tilbod til mjuke trafikantar er behov for opprusting av vegstrekninga og etablering av fortau. Planen har vore på høyring og offentleg ettersyn 3 gonger. Planen har vorte endra undervegs, mellom anna med bakgrunn i merknader frå grunneigarar.

Alle dei tre klagene gjeld tilkomst til eigedommar i Kvamsbrekka. I to av klagene vil ein òg ha smalare veg for å få ned kostnadane og redusera inngrepa på eigedommane.

Kommunen skriv om målsettinga med planen, at planframlegget vil føre til auka trafikktryggleik ved at det er sikra to køyrefelt, frisktsoner, justering på kurvatur og at tal på avkøyrslar frå Fv 404 vert redusert.

Kommunen skriv om Kvamsbrekka at dette er den strekninga der det har vore størst utfordring å få til ei god vegløyving. Strekninga er bratt og trong med hus og hagar tett inntil vegen på begge sider. Samstundes er dette den delen av vegstrekninga der det er størst utfordringar med omsyn til trafikktryggleik. Kommunen skriv vidare at planframlegget er

utarbeidd i tett dialog med Statens vegvesen som òg har vore med i handsaming av merknadane og delteke på felles synfaring og open kontordag. Framlegget har vore på høyring og offentleg ettersyn 3 gonger, kommunen har stilt opp på egne synfaringar og det har vore møter med grunneigarar som har bedt om det.

Om klagen frå Trees og Inge Morild skriv kommunen at det vart lagt inn avkøyrslar i planframlegget til 2. gangs høyring for å imøtekomma merknadane deira. Protestar frå naboen som fekk avkøyrsla lagt på sin bustadeigedom førte til at planframlegget vart omarbeidd og avkøyrsla teke vekk. Det er fleire hytteeigedommar langs den regulerte vegstrekninga som ikkje har køyretilkomst og som parkerer langs fylkesvegen. Kommunen skriv at dei ser at det er ønskjeleg å utbetre desse tilkomstane, men at det ikkje er dette som er intensjonen med planarbeidet. Hovudfokuset til denne planen er å utbetre Fv 404 med nytt fortau og 2-felts veg. Kommunen har vurdert det slik at tilkomst og parkering for eigedommar som ikkje har dette i dag må løysast i egne prosessar.

Det er kommunestyret som i følge pbl § 3-2 er ansvarleg for planarbeidet i kommunen og som skal ta stilling til om eit område skal regulerast til kva for eit formål. Dette er eit spørsmål som høyrer under kommunen sitt frie skjønn. Fylkesmannen har ingen merknader til at kommunen vel å halde spørsmåla om tilkomst og parkering for eigedommar som ikkje har dette i dag, utanfor reguleringsplanen for Fv 404.

Til klagen frå Sigfred Johansen, som vil ha ein eigen avkøyrslar og ikkje tilkomst frå f\_SV10 som er felles avkøyrslar med Kvamsvåg landhandel, skriv kommunen at ein har saman med Statens vegvesen vurdert det slik at det ikkje er ønskjeleg å etablera ei ny avkøyrslar til eigedommen og at det ligg godt til rette for å bruke f\_SV10 slik reguleringsplanen viser. Kommunen skriv vidare at dei fleste eigedommane langs fylkesvegen må gje frå seg areal til utviding av veggen og nytt fortau, samstundes som vegutbetringa er ei føresetnad for ny bustadutbygging i området. I planarbeidet har ein, der det er mogeleg, slått saman avkøyrslar for å auke trafikktryggleiken. Ny synfaring vart ikkje etterkomme fordi det vart vurdert som uaktuelt å etablere ei ny avkøyrslar for eigedommen. Både kommunen og Statens vegvesen har vore på fleire synfaringar og kjenner området godt.

Fylkesmannen vurderer det som positivt at ein etablerer felles avkøyrslar der det er mogleg, for å auke trafikktryggleiken. Elles har vi ingen merknader til kommunen sine vurderingar, og kan ikkje sjå at det er gjort sakshandsamingsfeil i planprosessen.

Til klagen frå Gro H og Arnljot Jordal, som vil oppretthalde tilkomsten sin frå Fv 404, skriv administrasjonen at eigedommen ikkje har køyretilkomst frå Fv 404 pr i dag, men frå avkøyrslar o\_SV8 som er kommunal veg til Kvamsvågen. Tilkomsten frå Fv 404 er ein gangtilkomst med port mot veggen. Kommunen og vegvesenet har vurdert denne som ei trafikkfarleg løysing som ein ikkje ønskjer å vidareføre i planen.

Fylkesmannen er samd i kommunen sine vurderingar om at trafikkfarlege løysingar bør avviklast når det er mogleg. Når det som her går fram at klagarane har annan køyretilkomst, så vil spørsmålet om tilkomst vere ivareteke for eigedommen sjølv om det ikkje er denne tilkomsten som er ønska av klagar. Vi har ikkje merknader til kommunen sine vurderingar på dette punkt.

Til klagarane sitt ønske om smalare veg, har kommunen skrivne at det alternativet dei har valt, med to-felts veg med fortau, er det mest arealkrevjande alternativet. Likevel er det dette alternativet som gjev best løysing når det gjeld trafikktryggleik og kapasitet på vegen. Vidare opplyser kommunen at 1-feltsveg med møteplassar vil krevje om lag tilsvarande areal på grunn av krav til sikt og avstand mellom møteplassar. Kommunen skriv òg at det er lagt ned mykje arbeid med å optimalisere linjeføringa for å redusere inngrep på eigedommane.

Etter vår heilskaplege vurdering av alle opplysningane i saka, har Fylkesmannen ingen vesentlege merknader til kommunen sitt val av løysing, sjølv om løysinga òg inneber ulemper. Vi finn at alle innspel, òg klagarane sine synspunkt, har vore synleggjort og grundig vurdert i regulerings-saka. Fylkesmannen er samd med kommunen i deira vurdering om at det vert lagt mest vekt på omsynet til auka trafikktryggleik i spørsmålet om vegbreidde.

### Konklusjon

Vi har vurdert klagarane sine påstandar, men kan ikkje finne at det er gjort sakshandsamingsfeil i prosessen med reguleringsplanen. Vi har heller ikkje merknadar til det planfaglege skjønnet som kommunen har utøvd i saka, jf. fvl § 34 andre ledd. Dei vurderingane kommunen har gjort ligg innanfor dei rammene som er fastlagt i plan- og bygningsslova og vi har funne at vurderingane er sakleg grunngeevne.

Klagene har etter dette ikkje ført fram. Fylkesmannen sitt vedtak på side ein er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl § 28 tredje ledd.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

Hilde Rasmussen Nilsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Gro H. og Arnljot Jordal	Kvamsvågen 2	5911	ALVERSUND
Inge og Trees Morild	Washingtons vei 9	5019	BERGEN
Abo Plan & Arkitektur	Postboks 291	5203	OS
Sigfred Johansen	Kvamsvågen 29	5911	ALVERSUND